

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvås.

Emne: Tradisjoner, tro og segner
omkring jeger og jaktstyr.

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Stuestøl

Gard:

(adresse): Austhei, Kvinesdal.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mest etter gardbr. Abraham Berntsen Gitlestad 1850-1927.

SVAR

1. Det var ikkje nokon uskreven lov om kor mykje ein måtte drepa eller at ein ikkje måtte skyte sovande dyr.

2. Då det ingen lover var, er det ikkje segn om straff.

3. Mange hadde den trua at om ein gjekk på søndagsjakt, fekk ein ikkje noko dei andre vekedagane.

4 og 5 har eg ikkje noko svar på.

6. Det einaste eg har høyrte, er at det var eit dårleg varsel å møte kvinnfolk når ein skulle på jakt.

7-13 kan eg ikkje svara noko på.

14. For å skræma rovdyra - helst ulven - bruka ein å larma, ropa og slå treskorne mot einannan eller slå to fjøler mot einannan.

15-18 kan eg heller ikkje gi svar på då det omspurde ligg så langt tilbake. Siste bjørnen i Kvås skaut tippoldefar min, Reier Olsen Skjerland, kring 1800, og skrubben kom bort i 1860-åra.

19. Nær husa sette dei opp stengsle av tau for å halde skrubben borte frå fjøs og sauehus. Men eg har aldri høyrte at tauet var laga på ein serleg måte.

20-24 har eg heller ikkje svar på.

25. Det var folk som kunne skjemma børsene, men korleis dei gjorde det, er ikkje kjent.

26. Ein kunne skjemme børsa sjølv, men eg veit ikkje korleis det bar til.

27. Ole B. Skjerland 1856-ca.1940 fortalde etter Anders Vidringstad 1820-1910, at han ein gong hadde funni eit papir innfelt i børsekolben, og på papiret stod ein formular til å gjera børsa god att, men han ville ikkje fortelja kva det stod. Det var så bespottelig, sa han.

28. Skulle jegeren vera trygg, måtte han bruke kule av arvesølv, men det var visst til fortrolla dyr.

29. Siste bjørnen blei som før nemnt, skoten i Vindåsen på Li av min tippoldefar. Han kom brått på bjørnen som stansa og snudde seg mot han. Tippoldefar la an på ei tue, men bjørnen stod og rugga og rugga frå eine sida til den andre så han fekk ikkje sikte. Han skaut likevel til sist, og kula råka bjørnen i bringa så blodspruten stod som når ein tek tappen or ei øltynne. Så hoppa bjørnen utfor ufsa og ned på flottorva under og sokk heilt under. Då tippoldefar kom etter, var bjørnen daud. Siste ulven er det ikkje noka segn om.

30. Noka rovdyrplage under andre verdskrigen var det ikkje, og det einaste innsig av nye rovdyr er den aukande minkbetanden som er kome til i seinare tid, frå ca. 1950.